



8. desember 2011

INNKALLING

Møte i **PROGRAMUTVALET FOR LÆRARUTDANNINGA** torsdag 15. desember 2011, kl.12.15-14.00, seminarrom 217, HF-bygget.

Anne-Brit Fenner
Heming Gujord
Christian Sæle
Tor Jan Ropeid
Randi Ødegård
Jan Oldervoll
Hilde Hjertager Lund
Sekretær: Silje Anette Lindgren

I	Godkjenning av innkalling og sakliste
II	Godkjenning av protokoll frå møtet 14. november 2011
III	Orienteringssaker
	<ol style="list-style-type: none">1. Møte i Programstyret 13. desember 20112. Møte i arrangementskomiteen for årleg lærarutdanningskonferanse ved UiB 14. november 20113. Møte om felles metodekurs på VIDMAU-NOR, VIDMAU-ENG og VIDMAU-MAT 22. november 20114. Møte i opptakskomiteen for PPU 9. desember 20115. Møte om ny modell for integreert lektorutdanning ved HF 16. november 20116. Partnerskuleseminar på Voss 1. og 2. desember 20117. Brev frå Programstyret til leiinga ved UiB om arbeidet med ny rammeplan og oppnemning av nytt programstyre (vedlegg)8. Brev frå PUHF til Det psykologiske fakultet og Programstyret, knytt til S11/31 (møte i PUHF 14.11.2011) (vedlegg)9. Høyringsfråsegn frå HF om "skikkethet" i lærarutdanninga (vedlegg)10. Dimensjonering av opptak til PPU hausten 2012 - våren 2014 (vedlegg)11. Lærarutdanningskonferanse i regi av Utdanningsforbundet 23. januar 2012 i Oslo Utdanningsforbundet arrangerer 23. januar 2012 den årlege nasjonale konferansen om lærerutdanning. I 2012 er fokuset særleg retta mot praksisopplæringa i lærerutdanningane. Konferansen er gratis. Frist for påmelding er 21.12.2011. For meir utfyllande informasjon: http://www.utdanningsforbundet.no/Kurs-og-konferanser/?y=2012&m=1&d=23&cid=2012002&dep=KONF&addm=2

IV	Saker		
S11/36	Endring av studieplanen for MAHF-ENG (vedlegg) (vedtakssak)		
S11/37	Semesterrapport frå PUHF våren 2011 (vedlegg)		
S11/38	Årsrapport frå programsensor for MAHF-LÆFR og MAHF-LÆNO (vedlegg)		
S11/39	Møteplan for våren 2012 (vedtakssak)		
V	EVENTUELT		
		Anne-Brit Fenner	
			Silje Anette Lindgren

PROTOKOLL

Møte i **PROGRAMUTVALET FOR LÆRARUTDANNINGA** mandag 14. november 2011, kl. 12.15-14.00, undervisningsrom 130, Sydneplassen 12/13.

Til stades:	Leiar	Anne-Brit Fenner
	IF	Tor Jan Ropeid
	AHKR	Christian Sæle
	LLE	Heming Gujord
	Frå administrasjonen	Silje Anette Lindgren (sekretær) Hilde Hjertager Lund (observatør)
Ikkje møtt:	Visedekan for undervisning	Jan Oldervoll (observatør)
	Studentrepresentant, IL	Randi Ødegård

I	Godkjenning av innkalling og sakliste
	To orienteringssaker blei lagt til: Orienteringssak 8: Møte 16.11.2011 om ny modell for integrert lektorutdanning ved HF Orienteringssak 9: Partnarskuleseminar 1. og 2. desember på Voss
II	Godkjenning av protokoll frå møtet 10.10.11
	Protokollen blei godkjent utan merknader.
III	Orienteringssaker
	<p>1. Møte i Programstyret 24. oktober 2011 Hilde Hjertager Lund orienterte. Følgjande saker frå møtet 24. oktober 2011 var av interesse for PUHF:</p> <p>S28/11 Klagebrev fra studenter og innslag på student-TV vedrørende misnøye og problemer på lektorutdanning på HF Programstyret hadde invitert to av studentane på integrert lektorutdanning ved HF til å delta på møtet. Det blei framheva at ein del av problema knytte til kollisjonar i praksis kunne ha vore løyste ved betre kommunikasjon og informasjonsflyt mellom UiB og praksisskulane.</p> <p>S30/11 Ny rammeplan for lærerutdanningen – føringer fra Kunnskapsdepartementet Programstyret oppmodar fagmiljøa og leiarane for lærerutdanningsutvala ved fakulteta om å vere aktive i prosessen som omhandlar ny rammeplan for trinn 8 - 13. I møtet 24. oktober 2011 blei det vedteke at LU-utvala skal informere leiinga ved fakulteta om retninga for rammeplanen, og at dei uttalar seg skriftleg om innhaldet i rammeplanen til Programstyret. Slik kan lærerutdanninga ved UiB sende ei samla høyringsfråsegn om rammeplanen til universitetsleiinga. Per 1.8.2012 vil det vere sett ned eit nytt programstyre for lærerutdanninga ved UiB, som vil ta prosessen med innføring av</p>

rammeplan8-13 vidare.

2. Møte i arrangementskomiteen for årleg lærarutdanningskonferanse ved UiB

Silje Anette Lindgren orienterte.

Det planlagde møtet 9. november 2011 blei utsett til 14. november 2011. Forslag til tema for konferansen er ny nasjonal rammeplan. PUHF foreslo praksis som eit anna aktuelt tema.

3. Møte om felles metodekurs på VID-MAUNOR, VID-MAUENG og VID-MAUMAT 10. november 2011

Anne-Brit Fenner orienterte.

I studieplanane for erfaringsbasert master i undervisning med fordjuping i norsk, engelsk eller matematikk ligg det inne eit felles metodeemne, *Vitskapeleg metode og erfaringsdeling*. Emnet skal for første gong haldast våren 2012. Det psykologiske fakultet er ansvarleg for emnet, men fordi det gjennomgåande emnet *Profesjon, refleksjon og erfaringsdeling*, administrert av HF og MN, skal utgjere ein del av undervisninga, vil ein halde eit møte der blant anna tema, omfang og eksamen står på agendaen. Opphavleg var møtet sett til 10. november 2011, men dette blei avlyst. Per 14. november 2011 var ikkje ny dato for møtet avklart.

4. Samrådsmøte om PPU 24.- 25. november i Tromsø

Anne-Brit Fenner orienterte.

Heming Gujord (LLE) deltek på konferansen om PPU i Tromsø.

5. Utlysing av stillingar i fagdidaktikk ved IF

Anne-Brit Fenner orienterte.

IF lyste tidlegare i haust ut ei stilling som førsteamanuensis i engelsk fagdidaktikk. Denne stillinga vil bli lyst ut på ny. Det vil også bli lyst ut ei stipendiatstilling i engelsk fagdidaktikk. Dersom det ikkje skulle melde seg kvalifiserte søkjarar til stillinga som førsteamanuensis, har IF moglegheit til å lyse ut totalt to stipendiatstillingar.

6. Kort rapport frå programsensor

Anne-Brit Fenner orienterte.

Per 14. november 2011 hadde ikkje PUHF motteke årsrapporten frå programsensor for integrert lektorutdanning med master i framandspråk og integrert lektorutdanning med master i nordisk. På bakgrunn av blant anna telefonsamtalar med programsensor Andreas Lund, var det likevel klart at ein slik rapport vil liggje føre om kort tid. Rapporten ville ikkje omhandle skissa til ny modell for integrert lektorutdanning ved HF, som visedekan Jan Oldervoll la fram på førre møte i PUHF, 10. oktober 2011, S11/28. Det blei på møtet i PUHF 14. november 2011 ytra ønskje om at programsensor nemner skissa i årsrapporten. (Rapporten, datert 1. november 2011, blei sendt leiar i PUHF neste dag.)

7. Rapport frå UHR: "En helhetlig tilnærming til lærerutdanning"

Anne-Brit Fenner orienterte.

Nasjonalt råd for lærerutdanning (NRLU) sette i 2010 ned ei arbeidsgruppe med oppgåve å greie ut korleis ulike lærerutdanningar best utfører

	<p>funksjonane sine. Spesielt skulle forslaga til arbeidsgruppa rette seg mot behovet til barnehage og skule, relatert til lærarutdanningane.</p> <p>UHR sende rapporten frå arbeidsgruppa over til medlemsinstitusjonane 1. september 2011. Rapporten blir sett på som eit viktig innspel til arbeidet med nye rammeplanar for trinn 8 - 13.</p> <p>Det blei i møtet i PUHF 14. november 2011 peika på at rapporten vil få konsekvensar for ny rammeplan, og at det er element der som vil kome i konflikt med skissa til ny modell for integrert lektorutdanning ved HF (møtet i PUHF 10. oktober 2011, S11/28).</p> <p>8. Møte 16.11.2011 om ny modell for integrert lektorutdanning ved HF Anne-Brit Fenner orienterte.</p> <p>Onsdag 16. november 2011 har visedekan Jan Oldervoll invitert fagdidaktikarar og fagkoordinatorar i aktuelle fag til møte for å diskutere skissa til ny modell for integrert lektorutdanning ved HF (møtet i PUHF 10. oktober 2011, S11/28).</p> <p>9. Partnerskuleseminar 1. og 2. desember på Voss Anne-Brit Fenner orienterte.</p> <p>Lærarutdanninga ved UiB inviterer til partnerskuleseminar på Voss 1. og 2. desember. Skulane som er med i partnerskapsavtalen deltek.</p> <p>Leiar av PUHF, Anne-Brit Fenner, kan ikkje delta, men Heming Gujord (LLE) og administrativ koordinator Silje Anette Lindgren er påmeldte.</p>
IV	Saker
<u>S11/30</u>	<p>Tydeleggjering av informasjon knytt til studieveker Vedtak: PUHF oppmodar fakultetet om å sende eit brev til institutta, der ein ber om at det blir tydeleggjort ovafor studentane at eventuelle studieveker ikkje er liketydig med haust- eller vinterferie.</p>
<u>S11/31</u>	<p>Vedtak gjort på møtet i Programstyret 24. oktober 2011 som gjeld S28/11 Klagebrev fra studenter og innslag på student-TV vedrørende misnøye og problemer på lektorutdanningen på HF Vedtak: PUHF sender brev til Det psykologiske fakultet og til Programstyret der Programstyret blir bedt om å fatte nytt vedtak i saka.</p>
<u>S11/32</u>	<p>Høyring om skikkethet i lærarutdanninga Vedtak: Dersom PUHF har ytterlegare merknader til rapporten frå Det psykologiske fakultet, sender leiar ei fråsegn til HF-fakultetet.</p>
<u>S11/33</u>	<p>Juleavslutning for tilsette knytte til lærarutdanninga ved UiB Anne-Brit Fenner og Silje Anette Lindgren vil prøve å få til ei juleavslutning for</p>

	tilsette knytte til lærarutdanninga ved UiB.
<u>S11/34</u>	<p>Ny nasjonal rammeplan for integrert lektorutdanning, adjunktutdanning og PPU</p> <p>Det er viktig at fagdidaktikarane ved HF i størst mogleg grad involverer seg i arbeidet med ny nasjonal rammeplan for integrert lektorutdanning, adjunktutdanning og PPU. PUHF vil oppmode alle til å lese rapporten frå UHR, "En helhetlig tilnærming til lærerutdanning", som blir peika på som eit viktig innspel til Kunnskapsdepartementet og Rammeplanutvalet. Rapporten kan lastast ned frå denne sida: http://www.uhr.no/aktuelt_fra_uhr/en_helhetlig_tilnerming_til_lererutdanning</p> <p>Vedtak: Det blir sendt informasjon til alle fagdidaktikarane ved HF om ny nasjonal rammeplan for integrert lektorutdanning, adjunktutdanning og PPU.</p>
<u>S11/35</u>	<p>Avslutning for studentar på PPU – representant til komité</p> <p>Anne-Brit Fenner melde seg som representant til komiteen for avslutninga knytt til PPU.</p>
V	<p>EVENTUELT</p> <p>Det var ingen saker under eventuelt.</p>
	Anne-Brit Fenner
	Silje Anette Lindgren



UNIVERSITETET I BERGEN

Det psykologiske fakultet

Universitetet i Bergen v/
Rektor Sigmund Grønmo
Viserektor Berit Rokne
Visedekan for undervisning Kuvvet Atakan

Referanse
2011/11995-HILLU

Dato
18.11.2011

Vedrørende ny nasjonal Rammeplan for lærerutdanning 8-13 og oppnevning av nytt Programstyre for lektor/adjunktutdanningenaugust 2012.

På møte i Programstyret for adjunkt- og lektorutdanningen den 24.10.11 ble det vedtatt følgende:

1. «Programstyret er aktive i prosessen fram mot ny rammeplan og deltar på møter og konferanser som omhandler temaet. LU- ledere ved fakultetene anmodes spesielt til å delta.
2. LU ved fakultetene setter seg inn i prosessen, hvilken retning innholdet i rammeplanen tar og informerer fakultetsledelsen.
3. Programstyret ber LU-utvalgene ved fakultetene om å skrive egne høringsuttalelser som sendes til programstyret. Innspillene fra fakultetene og LU- utvalgene samles til en felles høringsuttalelse fra lærerutdanningen som etter behandling i programstyret sendes til universitetsledelsen.
4. Programstyret utformer et brev til universitetsledelsen og minner om at det er nye programstyret per 01.08.2012 som tar prosessen med innføring av ny rammeplan videre.

Rammeplan 8-13 anbefales å være hovedtema for lærerutdanningskonferansen i februar. Fakultetene får brev der det oppfordres å komme med innspill på kandidater og leder til nytt programstyre. Forslag legges fram på møte i april og sendes samlet til universitetsledelsen.»

Tidsplanen for Rammeplanutvalgets arbeid er ganske tett. Det skal etter planen være en nasjonal konferanse i februar 2012. Her vil det bli gitt informasjon om hovedretningene den nye rammeplanen vil ha. Et ferdig utkast til ny rammeplan blir sendt på høring til lærerutdanningsinstitusjonene før sommerferien 2012, og den endelige rammeplanen er ventet å være ferdig ved årsskiftet 2012-2013. Kunnskapsdepartementet har som mål å iverksette den nye rammeplanen fra høstsemesteret 2013.

Dette er et UIB-intern notat som godkjennes elektronisk i ePhorte

Det psykologiske fakultet
Telefon 55582710
Telefaks
post@psyfa.ulb.no

Postadresse
Postboks 7807
5020 Bergen

Besøksadresse
Christiesgt. 13
Bergen

Saksbehandler
Hilde Hjerterager Lund
55584840

side 1 av 2

Det er foreløpig ikke kjent hvor store endringer for lærerutdanningene 8-13 den nye rammeplanen vil føre til, men mye av informasjonen som til nå kommet frem fra blant annet Rammeplanutvalget og fra KD på rådsmøte i Nasjonalt råd for lærerutdanningene i september, og på den nasjonale lektorkonferansen i Trondheim, også i september, ble det klart at utvalget ønsker en mer praksisnær utdanning som er skolerelatert, både i fagstudiene, fagdidaktikken og pedagogikken. Det skal være en helhetlig utdanning som utvikler en læreridentitet hos studentene allerede fra begynnelsen av den integrerte lærerutdanningen, og de skal møte skolen og elever så tidlig som mulig i utdanningen. Samarbeidet med praksisfeltet vil antagelig stå sentralt i den nye rammeplanen. Det ser ut til at rammeplanens intensjoner samsvarer i stor grad med den opprinnelige Smith-modellen fra 2006, og som UiB sin lektorutdanning fra 2007 er bygget på. utfordringene i iverksettelse av modell bunner i stor grad av den komplekse organisasjonsstrukturen UiB har på sin lektor/adjunktutdanning. Dette har ført til at 2007 modellen er blitt noe endret, men de grunnleggende prinsipper er ivarettatt. De største utfordringene for UiB vil være å gjøre fagstudiene mer skolerelaterte. Dette gjelder delvis også for pedagogikkdelen, dersom den får et større omfang, slik som det ser ut til at rammeplanen vil kreve. Dette vil skape et behov for nytenking og endringer på de respektive fakultet som tilbyr lærerutdanning.

Programstyret mener at fakultetene bør følge utviklingen av den nye rammeplanen tett, slik at de kan begynne å planlegge for endringene i god tid, da tiden fra årsskifte 2012-2013 er ganske kort med tanke på at holdninger, studie- og emneplaner må endres.

Samtidig vil Programstyret gjøre oppmerksom på at det nåværende Programstyrets oppnevningssperiode går ut den 31.07. 2012, altså om vel et halvt år. Det betyr at et nytt Programstyre får som ansvar å arbeide med å iverksette den nye rammeplanen, og vi finner det nødvendig at ledelsen ved UiB ikke bare er informert om dette, men at der tidlig settes i gang tiltak for å oppnevne et nytt Programstyre fra 01.08. 2012.

Nåværende Programstyreleder, Kari Smith, er tilgjengelig om UiB sin ledelse ønsker mer informasjon om utviklingen og den krevende periode UiB sin lektor/adjunktutdanning står ovenfor.

Vennlig hilsen
På vegne av Programstyre for lektor/adjunktutdanningen
Kari Smith, leder

Kopi:
Fakultetene
Lærerutdanningutvalgs -/programutvalgslederne ved fakultetene

Det psykologiske fakultet

Programstyret for lærerutdanning

Programutvalget for lærerutdanning ved HF-fakultetet synes det er svært positivt at Programstyret har reagert så raskt på henvendelse fra studentene i Fagutvalget og invitert dem til å delta i diskusjonen om den Integrerte lektorutdanningen. Vi har også mottatt svarbrevet fra Det psykologiske fakultet (07.11.2011) angående samme sak.

Vi har merket oss vedtaket gjort i Programstyret 24.10.2011, og har noen reaksjoner på dette. En viktig del av studentenes klage gikk på arbeidsmengden knyttet til pedagogikk. Dette svarte vi raskt på med å henvise til nasjonal rammeplan som bestemmer studiepoengomfanget av pedagogikk og fagdidaktikk i studiet. Vi informerte også studentene om at Det psykologiske fakultet ville svare på skrevet fra Fagutvalget. I brevet fra fakultetet nevnes hvilke tiltak LU-PS foreslår, nemlig bedre informasjon i begynnelsen av studiet, men vi har foreløpig ikke sett svarbrevet til studentene som det vises til. Vedtaket i Programstyret knyttes ikke til pedagogikkfaget i det hele tatt.

Når det gjelder pedagogikk, er studiepoeng og praksisomfang bestemt av Den nasjonale rammeplanen, men mengden undervisning og eksamensomfanget er det opp til den enkelte institusjon å bestemme. Eksamensformen og -omfanget i pedagogikk i 7. og 8. semester har vært diskutert flere ganger tidligere. Det hadde vært fint om LU-PS ville drofte og foreslå at det ble gjort noen endringer på omfanget innenfor den studiepoengrammen som er fastsatt nasjonalt.

Vedtaket i Programstyret, hvor ingen fagdidaktikere fra HF er representert, innebærer endringer både for faglærere og fagdidaktikere, men får tilsynelatende ingen konsekvenser for de andre involverte i studiet.

Vi reagerer sterkt på at vedtaket i Programstyret pålegger fagdidaktikerne en rekke ekstra moter på skolene i forkant av praksis uten i det hele tatt å drofte dette med PUHF for man fatter et slikt vedtak. Ressurssituasjonen på HF gjør at dette er umulig for oss. Fordi vedtaket er fattet for å imotekomme studentenes klager, kommer vi også i et meget uheldig lys i forhold til studentene når vi må gå ut med at dette klarer vi ikke å følge opp. Selv om denne delen av vedtaket skulle være ment som en anbefaling, kan vi heller ikke akseptere det som en del av vedtaket.

I vedtak på møte i PUHF 14. november 2011, henstiller vi derfor til Programstyret for lærerutdanning om at det fattes et nytt vedtak i denne saken:

PUHF ber om at Programstyret for lærerutdanning endrer vedtaket i Sak 28/11, og at Det psykologiske fakultet sender Fagutvalget et nytt skriv. Vi ber også om å få oversendt kopi av brev til FIL fra LU-PS.

Bergen 23.11.2011

For Programutvalget for lærerutdanning ved HF-fakultetet

Anne-Brit Fenner

(leder)



Det psykologiske fakultet

Referanse	Dato
2010/10814-SILLI	28.11.2011

Høringsuttalelse fra HF angående skikkethet i lærerutdanningen

Programutvalget for lærerutdanningen ved Det humanistiske fakultet (PUHF) har behandlet rapporten om rutiner for skikkethetsvurdering i lærerutdanningen, utarbeidet ved Det psykologiske fakultet, i møte 15. september 2011 og i møte 14. november 2011.

PUHF valgte i møte 15. september 2011 å støtte rapporten. I møte 14. november 2011 ble følgende vedtak fattet:

"Dersom PUHF har ytterlegare merknader til rapporten frå Det psykologiske fakultet, sender leiar ei fråsegn til HF-fakultetet."

Leder for PUHF, Anne-Brit Fenner, sendte 24.11.2011 en uttalelse til fakultetet, der det går frem at PUHF støtter rapporten, men at det er ønskelig at kommentarene fra IPED blir inkludert.

På bakgrunn av uttalelsene fra PUHF, støtter Det humanistiske fakultet rapporten om rutiner for skikkethetsvurdering utarbeidet ved Det psykologiske fakultet. Det humanistiske fakultet ber om at kommentarene fra IPED blir inkludert i rapporten.

Vennlig hilsen

Ronald Worley
studiesjef

Silje Anette Landsverk Lindgren
førstekonsulent

Vedlegg

1 Høringsuttalelse fra PUHF angående rapport om skikkethet

Dette er et UIB-internt notat som godkjennes elektronisk i eForte

Det humanistiske fakultet
Telefon 55589380
Telefaks 55589383
post@hf.uib.no

Postadresse
Postboks 7805
5020 Bergen

Besøksadresse
Bergen

Saksbehandler
Silje Anette Landsverk
Lindgren

side 1 av 1



Det psykologiske fakultet

Referanse

2011/10540-SILLI

Dato

17.11.2011

Svar fra HF: Dimensjonering av opptak til PPU H2012-V2014

Vi viser til brev datert 7.9.2011, hvor fakultetene blir bedt om å melde inn fagtilbud og dimensjonering for opptaksåret 2012/2013, samt å gjøre en tentativ dimensjonering for opptaksåret 2013/2014.

Det humanistiske fakultet melder med dette at vi dimensjonerer for totalt 176 plasser for hele opptaksåret 2012/2013. Disse er fordelt som følger:

	Høst 2012	Vår 2013	Merknader
Engelsk	15*	15*	*Totalt antall studenter skal ikke overstige 30 i hvert semester.
Fransk	14*	0	*Franskdidaktikk har opptak én gang i året med maks 14 studenter.
Italiensk	5	0	Kun opptak høst 2012
Spansk	10*	10*	*Totalt antall studenter skal ikke overstige 20 i hvert semester.
Tysk	10	0	Kun opptak høst 2012
Norsk	15*	15*	*Totalt antall studenter studieåret 2012/2013 skal ikke overstige 30. (Kan ta inn flere enn 15 H12, men da må antall reduseres tilsvarende V13). Det bemerkes at opptak til norsk som andrespråk (høst) bør inngå i den totale rammen på 30 plasser.
Historie	15	15	
Religion	18	0	Kun opptak høst 2012
Filosofi	5-7	0	Kun opptak høst 2012
Musikk	12	0	Dimensjonering og opptak til PPU-MUS sees i sammenheng med utøvende studier, da det er mulig å ta PPU som en del av Bachelorgrad i utøvende musikk eller komposisjon. Kun opptak høst 2012
Sum	121	55	

Dette er et UIB-internalt notat som godkjennes elektronisk i ePhoria

Det humanistiske fakultet
Telefon 55589380
Telefaks 55589383
post@hf.uib.no

Postadresse
Postboks 7805
5020 Bergen

Besøksadresse
Harald Hårfagresgt. 1
Bergen

Saksbehandler
Silje Anette Landsverk
Lindgren

side 1 av 2

Den tentative dimensjoneringen for opptaksåret 2013/2014 er ikke fullstendig, og Det humanistiske fakultet ønsker å understreke at det også kan komme endringer med hensyn til studieplasser fra de fagmiljøene som har gjort en foreløpig dimensjonering.

Den tentative dimensjoneringen for 2013/2014 fordeler seg på følgende måte:

	Høst 2013	Vår 2014	Merknader
Historie	15	15	
Religion	18	0	Kun opptak høst 2013
Filosofi	5-7	0	Kun opptak høst 2013
Musikk	12	0	Dimensjonering og opptak til PPU-MUS sees i sammenheng med utøvende studier, da det er mulig å ta PPU som en del av Bachelorgrad i utøvende musikk eller komposisjon. Kun opptak høst 2013

Vennlig hilsen

Sonja Irene Dyrkom
fungerende fakultetsdirektør

Ronald Worley
studiesjef

Kopi

Institutt for fremmedspråk

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier

Institutt for filosofi og førstesemesterstudier

Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap

Griegakademiet - Institutt for musikk

Programutvalget for lærerutdanningen ved HF v/leder Anne-Brit Fenner

S11/36 Endring av studieplanen på MAHF-ENG (vedlegg) (vedtakssak)

Institutt for framandspråk vedtok i november 2011 endringar i studieplanen på masterprogram i engelsk (MAHF-ENG), som skal gjelde frå og med våren 2012. Det blei oppretta eit nytt emne på masternivå i engelsk, ENG310, Masteremne i engelskspråkleg litteratur/kultur V. Dette emnet kan inngå på masterdelen av MAHF-LÆFR, dersom det er ønskeleg.

Forslag til vedtak:

MAHF-ENG Masterprogram i engelsk (rev. 10.11.2011)**MAHF-ENG Master's Program in English**

Mål og innhald	Mastergrad i engelsk er eit fulltidsstudium over fire semester. Det utgjer 120 studiepoeng og er samansett av to hovuddelar, ein kursdel som omfattar fire emne, kvart på 15 studiepoeng, og ei masteroppgåve på 60 studiepoeng. Emna i kursdelen kan veljast mellom dei tilboda som instituttet gir i dei ulike semestra. Minst eitt masteremne må vere i same disiplin som masteroppgåva. Masteremne i same disiplin skal representere ulike område i disiplinen.
Læringsutbyte	Mastergradsstudiet i engelsk har som mål å utdjupe kunnskapane som studenten har med seg frå tidlegare engelskstudium gjennom eit spesialisert studium i engelsk språk og i engelskspråkleg litteratur eller kultur. Dei einstilte emna og arbeidet med masteroppgåva skal vera med på å utvikle ei kritisk og sjølvstendig haldning gjennom teoretisk og metodisk skoleing, og dessutan vidareutvikle dugleiken i skriftleg og munnleg engelsk. For å nå desse måla må studenten arbeide sjølvstendig med faglitteraturen og ta aktivt del i seminar som blir haldne. Særleg arbeidet med masteroppgåva krev sjølvstendig og målretta arbeid. Studentane blir oppmoda til å finne eit tema for masteroppgåva og skrive under ein rettleiingskontrakt så tidleg som mogleg i andre semester.
Opptakskrav	Mastergradsstudiet i engelsk føreset bachelorgrad med spesialisering i engelsk. Søkjarar fra utlandet må ha IELTS eller tilsvarende med karakteren 7.0 eller betre. Studentar som ønskjer å søkje opptak til masterprogram i engelsk på anna grunnlag enn det som er oppgitt å vere godkjend spesialisering i engelsk, må søkje om godkjenning på førehand, seinast innan 1. mars. Slike søknader må innehalde karakterutskrift/vitnemål, pensumliste og utgreiing om dei emna søkjaren meiner skal koma i staden for ei ordinær spesialisering. Ei eventuell godkjenning må leggjast ved søknaden til masterprogrammet.
Tilrådde forkunnskapar	
Innføringsemne	
Obligatoriske emne/spesialisering	Minst to av emna i kursdelen skal som hovudregel takast ved Institutt for framandspråk, Universitetet i Bergen. Studentar må søkje om individuell innpassing av eksamenar som er tekne ved eit anna institutt eller ein annan institusjon.
Tilrådde valemne	Eitt masteremne i engelsk lingvistikk kan bytast ut med fellesemnet LINGMET og eitt masteremne i engelsk litteratur/kultur kan bytast ut med fellesemnet LITTEHF. I engelskspråkleg litteratur og kultur (men ikkje i engelsk

	<p>språk) kan eitt emne på 200-nivå koma i staden for eit av masteremna dersom det ikkje allereie går inn i eller delvis overlappar med ein del av studenten sin bachelorgrad. Dersom kurs på 200-nivå skal godkjennast som masteremne, må pensum i kurset utvidast og vanskegraden justerast i samråd med faglærer. Studentar på 300-nivå som tek kurs på 200-nivå, må avleggje skoleeksamen.</p>	
Rekkefølge for emne i studiet	Semester	Emne
	1. Haust	<p>ENG301 Masteremne i engelsk lingvistikk I 15 stp.</p> <p>ENG302 Masteremne i engelskspråkleg litteratur/kultur I 15 stp.</p> <p>ENG303 Masteremne i engelsk lingvistikk II 15 stp.</p> <p>ENG304 Masteremne i engelskspråkleg litteratur/kultur II 15 stp.</p> <p>ENG307 Masteremne i engelsk lingvistikk V eller engelskspråkleg litteratur/kultur IV 15 stp.</p> <p>ENG310 Masteremne i engelskspråkleg litteratur/kultur V 15 stp. (Emnet blir gitt etter behov)</p>
	2. Vår	<p>ENG305 Masteremne i engelsk lingvistikk III 15 stp.</p> <p>ENG306 Masteremne i engelskspråkleg litteratur/kultur III 15 stp.</p> <p>ENG307 Masteremne i engelsk lingvistikk V eller engelskspråkleg litteratur/kultur IV 15 stp.</p> <p>ENG309 Masteremne i engelsk lingvistikk IV 15 stp.</p> <p>ENG310 Masteremne i engelskspråkleg litteratur/kultur V 15 stp. (Emnet blir gitt etter behov)</p>
	3. Haust	Masteroppgåve
	4. Vår	Masteroppgåve
Krav til progresjon i studiet	Normal studieprogresjon (30 stp/semester)	
Delstudium i utlandet	Studentar kan ta masteremne ved utenlandske lærestader og få desse godkjente som ein del av mastergraden (jfr. <i>Obligatoriske emne/spesialisering</i>).	
Undervisningsmetodar	Forelesninger/Seminar	
Vurderingsformer	<p>Kvart emne blir avslutta med ein skriftleg eksamen. Dei eksamensformene som blir nytta er gjort greie for under kvart einskilt emne.</p> <p>Studentane kan bruke eittspråkleg (engelsk-engelsk) ordbok på skoleeksamen. Instituttet gir nærmare opplysning om kva for ordbøker som er godkjende.</p> <p>Studiet blir avslutta med ein munnleg eksamen der</p>	

	masteroppgåva blir diskutert.
Emne	Vurderingsform(er)
ENG301	Skoleeksamen (6 t)
ENG302	Skoleeksamen (6 t)/mappevurdering/rettleidd semesteroppgåve
ENG303	Skoleeksamen (6 t)/mappevurdering/rettleidd semesteroppgåve
ENG304	Skoleeksamen (6 t)/mappevurdering/rettleidd semesteroppgåve
ENG305	Skoleeksamen (6 t)/mappevurdering/rettleidd semesteroppgåve
ENG306	Heimeeksamen (7 dagar) og munnleg eksamen
ENG307	Skoleeksamen (6 t)
ENG309	Skoleeksamen (6 t)/mappevurdering/rettleidd semesteroppgåve
ENG310	Skoleeksamen (6 t)/mappevurdering/rettleidd semesteroppgåve
ENG350	Masteroppgave (70 – 110 s.) og munnleg eksamen
Kompetanse for vidare studium	Mastergrad i engelsk kan gi kompetanse for vidare studium på PhD-nivå.
Yrkesveggar	Kandidatar med mastergrad i engelsk er ei relativt ettertrakta gruppe på arbeidsmarknaden. Mange arbeider i skolen, men stadig fleire går til annan offentleg verksemd og til næringslivet. Universitet, høgskolar og forskningsinstitutt rekrutterer óg mange med master i språkfag.
Evaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.

Emnekode	ENG301					
Emnenamn	Masteremne i engelsk lingvistikk I					
Engelsk emnenamn	Selected topic in English linguistics I					
Studiepoeng	15					
Undervisningssemester	Haust					
Undervisningsspråk	Engelsk					
Studienivå	Master					
Krav til studierett	Emnet er ope for studentar på masterprogrammet i engelsk ved UiB.					
Mål og innhald	ENG301 er eit spesialisert studium i eit tema frå engelsk lingvistikk. Innhaldet i emnet vil variere frå semester til semester. Tilbodet kan til dømes vere kurs med tema frå anvendt lingvistikk, fonologi, syntaks, kognitiv lingvistikk, omsetjingsteori, pragmatikk, sociolingvistikk, historisk lingvistikk, eller kombinasjonar av desse.					
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	Emnet tek sikte på å gi utvida kunnskapar om engelsk språk, og å øve opp ei kritisk og sjølvstendig haldning til språkvitskapelege problemstillingar. Studentar skal utvikle teoretisk innsikt i språkvitskapelege problemstillingar og praktisk dugleik som kan komme til nytte i arbeidet med masteroppgåva.					
Tilrådde forkunnskapar						
Krav til forkunnskapar	Bachelorgrad med spesialisering i engelsk eller tilsvarande.					
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	<i>Type</i>	<i>t/veke</i>	<i>veker</i>	<i>totalt</i>	<i> dagar</i>	<i>obligatorisk</i>
	Seminar	1 x 2 t	12	24		
				24		
Obligatoriske arbeidskrav	ingen					
Vurderingsformer	Det blir arrangert eksamen i ENG301 kvart haustsemester med påfølgjande midtsemestereksamen. Eksamen er ein seks timars skoleeksamen.					
Karakterskala	Ved sensur nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.					
Læremiddelomtale	Pensum i emnet er sett saman av opptil 1000 sider sakprosa eller læreboktekst. I tillegg til pensum bør studentane gjere bruk av tilrådd hjelpelitteratur og handbøker.					
Undervisningsstad	Bergen					
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.					
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no					

Emnekode	ENG302																		
Emnenamn	Masteremne i engelskspråkleg litteratur/kultur I																		
Engelsk emnenamn	Selected topic in English literature and/or culture I																		
Studiepoeng	15																		
Undervisningssemester	Haust																		
Undervisningsspråk	Engelsk																		
Studienivå	Master																		
Krav til studierett	Emnet er ope for studentar på masterprogrammet i engelsk ved UiB.																		
Mål og innhald	<p>Kurset skal gi utvida kunnskapar om engelskspråkleg litteratur og/eller kultur, og øve opp ei kritisk og sjølvstendig forståing av problemstillingar som er knytte til studiet av litteratur og/eller kultur.</p> <p>ENG302 er eit spesialisert studium i eit tema frå engelskspråkleg litteratur og/eller kultur frå eit kritisk og teoretisk perspektiv. Innhaldet i emnet vil variera frå semester til semester. Kurstilbodet kan omfatta britisk, amerikansk, og/eller annan engelskspråkleg litteratur og/eller kultur. Teksttilfanget kan hentast frå ein nasjonallitterær tradisjon, ein periode, ein sjanger, eit forfattarskap, eit litterært eller kulturelt tema, eller ei litterær eller kulturell rørsle. Tekstane skal lesast ut ifrå eit kritisk og teoretisk perspektiv.</p>																		
Læringsutbyte/resultat	<p>Etter fullført emne skal studenten kunne drøfte tema frå engelskspråkleg litteratur og/eller kultur frå ein kritisk og teoretisk ståstad, og med ei analytisk tilnærming.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 																		
Tilrådde forkunnskapar																			
Krav til forkunnskapar	Bachelorgrad med spesialisering i engelsk eller tilsvarande.																		
Undervisning og omfang	<table border="1"> <thead> <tr> <th>Type</th> <th>t/veke</th> <th>veker</th> <th>totalt</th> <th> dagar</th> <th> obligatorisk</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Seminar</td> <td>1 x 2 t</td> <td>12</td> <td>24</td> <td></td> <td></td> </tr> <tr> <td></td> <td></td> <td></td> <td>24</td> <td></td> <td></td> </tr> </tbody> </table> <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	Type	t/veke	veker	totalt	dagar	obligatorisk	Seminar	1 x 2 t	12	24						24		
Type	t/veke	veker	totalt	dagar	obligatorisk														
Seminar	1 x 2 t	12	24																
			24																
Obligatoriske arbeidskrav	Sjå Alternativ 2 og 3 under Vurderingsformer.																		
Vurderingsformer	<p>Det blir arrangert eksamen i ENG302 kvart haustsemester med påfølgjande midtsemestereksamen.</p> <p>Alle arbeidskrav må vere oppfylde for å kunne gå opp til eksamen. Eksamensforma blir fastsett av den som underviser i emnet og blir kunngjord saman med emnet.</p> <p><i>Alternativ 1: Skoleeksamen</i> Eksamen er ein seks timars skoleeksamen.</p> <p><i>Alternativ 2: Mappevurdering</i></p>																		

	<p>Studentane leverer inn ei mappe som inneheld eit utval av dei skriftlege arbeida dei har jobba med i løpet av semesteret. Mappa kan setjast saman av ulike element, avhengig av læraren sitt undervisningsopplegg. Ved midtsemestereksamen må studentane ta skoleeksamen.</p> <p><i>Alternativ 3: Rettleidd semesteroppgåve</i></p> <p>Eksamen i emnet er ei rettleidd semesteroppgåve på om lag 7500 ord, som skal leverast i tre eksemplar. Studentane pliktar å møte til rettleiing og elles halde dei fristane som er sette av faglærar. Studentar som ikkje følgjer desse retningslinene, misser retten til å ta eksamen i emnet.</p>
Karakterskala	Ved sensur nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum i emnet er sett saman av opptil 1000 sider sakprosa eller læreboktekst, eller litterære tekstar som svarar til 10 verk. Teoritekstar høyrer med. Det vil òg vere mogleg å kombinere sakprosa og litterære tekstar i eitt pensum. I tillegg til pensum lyt studentane gjere bruk av tilrådd hjelpelitteratur.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	ENG303					
Emnenamn	Masteremne i engelsk lingvistikk II					
Engelsk emnenamn	Selected topic in English linguistics II					
Studiepoeng	15					
Undervisningssemester	Haust					
Undervisningsspråk	Engelsk					
Studienivå	Master					
Krav til studierett	Emnet er ope for studentar på masterprogrammet i engelsk ved UiB.					
Mål og innhald	ENG303 er eit spesialisert studium i eit tema frå engelsk lingvistikk. Innhaldet i emnet vil variere frå semester til semester. Tilbodet kan til dømes vere tema frå anvendt lingvistikk, fonologi, syntaks, kognitiv lingvistikk, omsetjingsteori, pragmatikk, sociolingvistikk, historisk lingvistikk eller kombinasjonar av desse.					
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	Emnet tek sikte på å gi utvida kunnskapar om engelsk språk, og å øve opp ei kritisk og sjølvstendig haldning til språkvitskaplege problemstillingar. Studentar skal utvikle teoretisk innsyn i språkvitskaplege problemstillingar og praktisk dugleik som kan komme til nytte i arbeidet med masteroppgåva.					
Tilrådde forkunnskapar						
Krav til forkunnskapar	Bachelorgrad med spesialisering i engelsk eller tilsvarande.					
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	<i>Type</i>	<i>t/veke</i>	<i>veker</i>	<i>totalt</i>	<i> dagar</i>	<i>obligatorisk</i>
	Seminar	1 x 2 t	12	24		
				24		
Obligatoriske arbeidskrav	Sjå Alternativ 2 og 3 under Vurderingsformer					
Vurderingsformer	<p>Det blir arrangert eksamen i ENG303 kvart haustsemester med påfølgjande midtsemestereksamen. Alle obligatoriske arbeidskrav må vere oppfylte for å kunne møte til eksamen.</p> <p>Eksamen i ENG303 kan vere ein skoleeksamen, mappevurdering eller ei rettleidd semesteroppgåve. Eksamensforma blir fastsett av den som underviser i emnet og blir kunngjord saman med emnet.</p> <p><i>Alternativ 1: Skoleeksamen</i> Eksamen er ein seks timars skoleeksamen.</p> <p><i>Alternativ 2: Mappevurdering</i> Studentane leverer inn ei mappe som inneheld eit utval av dei skriftlege arbeida dei har jobba med i løpet av semesteret. Mappa kan setjast saman av ulike element: diskusjonsinnlegg (f.eks. nettbasert diskusjonsforum), korte og/eller lengre oppgåver og artikkelsamandrag. Ved</p>					

	<p>midtsemestereksamen må studentane ta skoleeksamen.</p> <p><i>Alternativ 3: Rettleidd semesteroppgåve</i></p> <p>Eksamen i emnet er ei rettleidd semesteroppgåve på om lag 7500 ord, som skal leverast i tre eksemplar. Studentane pliktar å møte til rettleiing og elles halde dei fristane som er sette av faglærar. Studentar som ikkje følgjer desse retningslinene, misser retten til å ta eksamen i emnet.</p>
Karakterskala	Ved sensur nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum i masteremnet er sett saman av opptil 1000 sider sakprosa eller læreboktekst. I tillegg til pensum bør studentane gjere bruk av tilrådd hjelpelitteratur.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	ENG304					
Emnenamn	Masteremne i engelskspråkleg litteratur/kultur II					
Engelsk emnenamn	Selected topic in English literature and/or culture II					
Studiepoeng	15					
Undervisningssemester	Haust					
Undervisningsspråk	Engelsk					
Studienivå	Master					
Krav til studierett	Emnet er ope for studentar på masterprogrammet i engelsk ved UiB.					
Mål og innhald	Emnet har som mål å gi ein fordjuping i eit tema frå engelskspråkleg litteratur og/eller kultur frå eit kritisk og teoretisk perspektiv. Innhaldet i emnet vil variera frå semester til semester. Kurstilbodet kan omfatta britisk, amerikansk, og/eller annan engelskspråkleg litteratur og/eller kultur. Tekstmaterialet kan hentast frå ein nasjonallitterær tradisjon, ein periode, ein sjanger, eit forfattarskap, eit litterært eller kulturellt tema, eller ei litterær eller kulturell rørsle. Tekstane vil lesast ut ifrå eit kritisk og teoretisk perspektiv.					
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	Etter fullført emne skal studenten kunne drøfte tema frå engelskspråkleg litteratur og/eller kultur frå ein kritisk og teoretisk ståstad, og med ei analytisk tilnærming.					
Tilrådde forkunnskapar						
Krav til forkunnskapar	Bachelorgrad med spesialisering i engelsk eller tilsvarande.					
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	<i>Type</i>	<i>t/veke</i>	<i>veker</i>	<i>totalt</i>	<i> dagar</i>	<i>obligatorisk</i>
	Seminar	1 x 2 t	12	24		
Obligatoriske arbeidskrav	Sjå Alternativ 2 og 3 under Vurderingsformer.					
Vurderingsformer	<p>Det blir arrangert eksamen i ENG304 kvart haustsemester med påfølgjande midtsemestereksamen. Alle arbeidskrav må vere oppfylte for å kunne gå opp til eksamen. Eksamensforma blir fastsett av den som underviser i emnet og blir kunngjord saman med emnet.</p> <p><i>Alternativ 1: Skoleeksamen</i> Eksamen er ein seks timars skoleeksamen.</p> <p><i>Alternativ 2: Mappevurdering</i> Studentane leverer inn ei mappe som inneheld eit utval av dei skriftlege arbeida dei har jobba med i løpet av semesteret. Mappa kan setjast saman av ulike element, avhengig av læraren sitt undervisningsopplegg. Ved midtsemestereksamen må studentane ta skoleeksamen.</p>					

	<p><i>Alternativ 3: Rettleidd semesteroppgåve</i></p> <p>Eksamen i emnet er ei rettleidd semesteroppgåve på omlag 7500 ord, som skal leverast i tre eksemplar. Studentane pliktar å møte til rettleiing og elles halde dei fristane som er sette av faglærer. Studentar som ikkje følgjer desse retningslinene, misser retten til å ta eksamen i emnet.</p>
Karakterskala	Ved sensur nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum er sett saman av opptil 1000 sider sakprosa eller læreboktekst, eller litterære tekstar som svarar til 10 verk. Teoritekstar vil høyre med. Det vil òg vere mogleg å kombinere sakprosa og litterære tekstar i eitt pensum. I tillegg til pensum bør studentane gjere bruk av tilrådd hjelpelitteratur.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisningen blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	ENG305					
Emnenamn	Masteremne i engelsk lingvistikk III					
Engelsk emnenamn	Selected topic in English linguistics III					
Studiepoeng	15					
Undervisningssemester	Vår					
Undervisningsspråk	Engelsk					
Studienivå	Master					
Krav til studierett	Emnet er ope for studentar på masterprogrammet i engelsk ved UiB.					
Mål og innhald	ENG305 er eit spesialisert studium i eit tema frå engelsk lingvistikk. Innhaldet i emnet vil variere frå semester til semester. Tilbodet kan til dømes vere tema frå anvendt lingvistikk, fonologi, syntaks, kognitiv lingvistikk, omsetjingsteori, pragmatikk, sociolingvistikk, historisk lingvistikk eller kombinasjonar av desse.					
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	Emnet tek sikte på å gi utvida kunnskapar om engelsk språk, og å øve opp ei kritisk og sjølvstendig haldning til språkvitskaplege problemstillingar. Studentar skal utvikle teoretisk innsikt i språkvitskaplege problemstillingar og praktisk dugleik som kan komme til nytte i arbeidet med masteroppgåva.					
Tilrådde forkunnskapar						
Krav til forkunnskapar	Bachelorgrad med spesialisering i engelsk eller tilsvarande.					
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	<i>Type</i>	<i>t/veke</i>	<i>veker</i>	<i>totalt</i>	<i> dagar</i>	<i>obligatorisk</i>
	Seminar	1 x 2 t	12	24		
				24		
Obligatoriske arbeidskrav	Sjå Alternativ 2 og 3 under Vurderingsformer					
Vurderingsformer	<p>Det blir arrangert eksamen i ENG305 kvart vårsemester med påfølgjande midtsemestereksamen. Alle obligatoriske arbeidskrav må vere oppfylte for å kunne møte til eksamen.</p> <p>Eksamen i ENG305 kan vere ein skoleeksamen, mappevurdering eller ei rettleidd semesteroppgåve. Eksamensforma blir fastsett av den som underviser i emnet og blir kunngjord saman med emnet.</p> <p><i>Alternativ 1: Skoleeksamen</i> Eksamen er ein seks timars skoleeksamen.</p> <p><i>Alternativ 2: Mappevurdering</i> Studentane leverer inn ei mappe som inneheld eit utval av dei skriftlege arbeida dei har jobba med i løpet av semesteret. Mappa kan setjast saman av ulike element: diskusjonsinnlegg (f.eks. nettbasert diskusjonsforum), korte og/eller lengre oppgåver og artikkelsamandrag. Ved</p>					

	<p>midtsemestereksamen må studentane ta skoleeksamen.</p> <p><i>Alternativ 3: Rettleidd semesteroppgåve</i></p> <p>Eksamen i emnet er ei rettleidd semesteroppgåve på om lag 7500 ord, som skal leverast i tre eksemplar. Studentane pliktar å møte til rettleiing og elles halde dei fristane som er sette av faglærar. Studentar som ikkje følgjer desse retningslinene, misser retten til å ta eksamen i emnet.</p>
Karakterskala	Ved sensur nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum i masteremnet er sett saman av opptil 1000 sider sakprosa eller læreboktekst. I tillegg til pensum bør studentane gjere bruk av tilrådd hjelpelitteratur.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	ENG306					
Emnenamn	Masteremne i engelskspråkleg litteratur/kultur III					
Engelsk emnenamn	Selected topic in English literature and/or culture III					
Studiepoeng	15					
Undervisningssemester	Vår					
Undervisningsspråk	Engelsk					
Studienivå	Master					
Krav til studierett	Emnet er ope for studentar på masterprogrammet i engelsk ved UiB.					
Mål og innhald	Emnet er eit spesialisert studium i eit tema frå engelskspråkleg litteratur og/eller kultur frå eit kritisk og teoretisk perspektiv. Innhaldet i emnet vil variera frå semester til semester. Kurstilbodet kan omfatta britisk, amerikansk, og/eller annan engelskspråkleg litteratur og/eller kultur. Tekstmaterialet kan hentast frå ein nasjonallitterær tradisjon, ein periode, ein sjanger, eit forfatterskap, eit litterært eller kulturrelatert tema, eller ei litterær eller kulturell rørsle. Tekstane skal lesast ut ifrå eit kritisk og teoretisk perspektiv.					
Læringsutbyte/resultat	Etter fullført emne skal studenten kunne drøfte tema frå engelskspråkleg litteratur og/eller kultur frå ein kritisk og teoretisk ståstad, og med ei analytisk tilnærming.					
<ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 						
Tilrådde forkunnskapar						
Krav til forkunnskapar	Bachelorgrad med spesialisering i engelsk eller tilsvarande.					
Undervisning og omfang	<i>Type</i>	<i>t/veke</i>	<i>veker</i>	<i>totalt</i>	<i> dagar</i>	<i>obligatorisk</i>
<ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	Seminar	1 x 2 t	12	24		
Obligatoriske arbeidskrav						
Vurderingsformer	Det blir arrangert eksamen i ENG306 kvart vårsemester med påfølgjande midtsemestereksamen. Eksamen i emnet er ein sju dagars heimeeksamen over oppgitt tema. Heimeeksamen skal vere på mellom 3000 og 3300 ord, og skal leverast i tre eksemplar. I tillegg er det ei munnleg prøve, som får eigen karakter. Når den endelege karakteren for emnet skal fastsetjast, tel heimeeksamen to tredelar og den munnlege prøva ein tredel. Kandidatar som får karakteren F på heimeeksamen, får ikkje gå opp til munnleg prøve. Kandidatar som får F på den munnlege prøva, får F som endeleg karakter for emnet.					
Karakterskala	Ved sensur nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.					
Læremiddelomtale	Pensum er sett saman av opptil 1000 sider sakprosa eller læreboktekst, eller litterære tekstar som svarar til 10 verk. Teoritekstar vil høyre med. Det vil óg vere mogleg å kombinere sakprosa og litterære tekstar i eitt pensum. I tillegg til pensum bør studentane gjere bruk av tilrådd					

	hjelpelitteratur.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisningen blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	ENG307
Emnenamn	Masteremne i engelsk lingvistikk V eller engelskspråkleg litteratur/kultur IV
Engelsk emnenamn	Selected topic in English linguistics V or in literature and/or culture IV
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Haust og vår
Undervisningsspråk	Engelsk
Studienivå	Master
Krav til studierett	Emnet er ope for studentar på masterprogrammet i engelsk ved UiB.
Mål og innhald	<p>ENG307 er eit spesialisert studium i eit tema frå engelsk lingvistikk, engelskspråkleg litteratur, engelskspråkleg kultur, eller i eit emne av tverrfagleg karakter. Det vil variere frå semester til semester om det vert tilbod om kurs både i lingvistikk og litteratur/kultur.</p> <p>Kurs i lingvistikk er spesialiserte studium i tema frå engelsk lingvistikk. Innhaldet i emnet vil variere frå semester til semester. Tilbodet kan til dømes vera tema frå anvendt lingvistikk, fonologi, syntaks, kognitiv lingvistikk, omsetjingsteori, pragmatikk, sosiolingvistikk, historisk lingvistikk eller kombinasjonar av desse.</p> <p>Kurs i litteratur/kultur er spesialiserte studium i eit tema frå engelskspråkleg litteratur og/eller kultur frå eit kritisk og teoretisk perspektiv. Innhaldet i emnet vil variere frå semester til semester. Kurstilbodet kan omfatte britisk, amerikansk og/eller annan engelskspråkleg litteratur og/eller kultur. Tekstmaterialet kan hentast frå ein nasjonallitterær tradisjon, ein periode, ein sjanger, eit forfattarskap, eit litterært eller kulturelt tema, eller ei litterær eller kulturell rørsle. Tekstane vil lesast ut ifrå eit kritisk og teoretisk perspektiv.</p>
Læringsutbyte/resultat	<p>Emne i lingvistikk tek sikte på å gi utvida kunnskapar om engelsk språk, og å øve opp ei kritisk og sjølvstendig haldning til språkvitskaplege problemstillingar. Studentane skal utvikle teoretisk innsyn i språkvitskaplege problemstillingar og praktisk dugleik som kan komme til nytte i arbeidet med masteroppgåva.</p> <p>Kurs i litteratur og/eller kultur skal gi utvida kunnskapar om engelskspråkleg litteratur og/eller kultur, og øve opp ei kritisk og sjølvstendig forståing av problemstillingar som er knytte til studiet av litteratur og/eller kultur.</p>
Tilrådde forkunnskapar	
Krav til forkunnskapar	Bachelorgrad med spesialisering i engelsk eller tilsvarande.

Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	<i>Type</i>	<i>t/veke</i>	<i>veker</i>	<i>totalt</i>	<i> dagar</i>	<i>obligatorisk</i>	
	Seminar	1 x 2 t	12	24			
				24			
Obligatoriske arbeidskrav	Ingen						
Vurderingsformer	Det blir arrangert eksamen i ENG307 kvart semester. Eksamen er ein seks timars skoleeksamen.						
Karakterskala	Ved sensur nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.						
Læremiddelomtale	Pensum i masteremnet er sett saman av opptil 1000 sider sakprosa eller læreboktekst, eller litterære tekstar som svarar til 10 verk. Det vil òg vere mogleg å kombinere sakprosa og litterære tekstar i eitt pensum. I tillegg til pensum bør studentane gjere bruk av tilrådd hjelpelitteratur.						
Undervisningsstad	Bergen						
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.						
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no						

Emnekode	ENG309					
Emnenamn	Masteremne i engelsk lingvistikk IV					
Engelsk emnenamn	Selected topic in English linguistics IV					
Studiepoeng	15					
Undervisningssemester	Vår (Emnet blir gitt dersom ressursituasjonen gir rom for det.)					
Undervisningsspråk	Engelsk					
Studienivå	Master					
Krav til studierett	Emnet er ope for studentar på masterprogrammet i engelsk ved UiB.					
Mål og innhald	ENG309 er eit spesialisert studium i eit tema frå engelsk lingvistikk. Innhaldet i emnet vil variere frå semester til semester. Tilbodet kan til dømes vere kurs med tema frå anvendt lingvistikk, fonologi, syntaks, kognitiv lingvistikk, omsetjingsteori, pragmatikk, sociolingvistikk, historisk lingvistikk eller kombinasjonar av desse.					
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	Emnet tek sikte på å gi utvida kunnskapar om engelsk språk, og å øve opp ei kritisk og sjølvstendig haldning til språkvitskaplege problemstillingar. Studentar skal utvikle teoretisk innsikt i språkvitskaplege problemstillingar og praktisk dugleik som kan komme til nytte i arbeidet med masteroppgåva.					
Tilrådde forkunnskapar						
Krav til forkunnskapar	Bachelorgrad med spesialisering i engelsk eller tilsvarande.					
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	<i>Type</i>	<i>t/veke</i>	<i>veker</i>	<i>totalt</i>	<i> dagar</i>	<i>obligatorisk</i>
	Seminar	1 x 2 t	12	24		
				24		
Obligatoriske arbeidskrav	Sjå Alternativ 2 og 3 under Vurderingsformer					
Vurderingsformer	<p>Det blir arrangert eksamen i ENG309 kvart vårsemester med påfølgjande midtsemestereksamen. Alle obligatoriske arbeidskrav må vere oppfylte for at ein skal kunne møte til eksamen.</p> <p>Eksamen i ENG309 kan vere ein skoleeksamen, mappevurdering eller ei rettleidd semesteroppgåve. Eksamensforma blir fastsett av den som underviser i emnet og blir kunngjord saman med emnet.</p> <p><i>Alternativ 1: Skoleeksamen</i> Eksamen er ein seks timars skoleeksamen.</p> <p><i>Alternativ 2: Mappedvurdering</i> Studentane leverer inn ei mappe som inneheld eit utval av dei skriftlege arbeida dei har jobba med i løpet av</p>					

	<p>semesteret. Mappa kan setjast saman av ulike element: diskusjonsinnlegg (f.eks. nettbasert diskusjonsforum), korte og/eller lengre oppgåver og artikkelsamandrag. Ved midtsemestereksamen må studentane ta skoleeksamen.</p> <p><i>Alternativ 3: Rettleidd semesteroppgåve</i></p> <p>Eksamen i emnet er ei rettleidd semesteroppgåve på om lag 7500 ord, som skal leverast i tre eksemplar. Studentane pliktar å møte til rettleiing og elles halde dei fristane som er sette av faglærar. Studentar som ikkje følgjer desse retningslinene, misser retten til å ta eksamen i emnet.</p>
Karakterskala	Ved sensur nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum i masteremnet er sett saman av opptil 1000 sider sakprosa eller læreboktekst. I tillegg til pensum bør studentane gjere bruk av tilrådd hjelpelitteratur.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	ENG310												
Emnenamn	Masteremne i engelskspråkleg litteratur/kultur V												
Engelsk emnenamn	Selected topic in English literature and/or culture V												
Studiepoeng	15												
Undervisningssemester	Vår/Haust – Emnet blir gitt etter behov												
Undervisningsspråk	Engelsk												
Studienivå	Master												
Krav til studierett	Emnet er ope for studentar på masterprogrammet i engelsk ved UiB.												
Mål og innhald	Emnet har som mål å gi ein fordjuping i eit tema frå engelskspråkleg litteratur og/eller kultur frå eit kritisk og teoretisk perspektiv. Innhaldet i emnet vil variera frå semester til semester. Kurstilbodet kan omfatta britisk, amerikansk, og/eller annan engelskspråkleg litteratur og/eller kultur. Tekstmaterialet kan hentast frå ein nasjonallitterær tradisjon, ein periode, ein sjanger, eit forfattarskap, eit litterært eller kulturelt tema, eller ei litterær eller kulturell rørsle. Tekstane vil lesast ut ifrå eit kritisk og teoretisk perspektiv.												
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	Etter fullført emne skal studenten kunne drøfte tema frå engelskspråkleg litteratur og/eller kultur frå ein kritisk og teoretisk ståstad, og med ei analytisk tilnærming.												
Tilrådde forkunnskapar													
Krav til forkunnskapar	Bachelorgrad med spesialisering i engelsk eller tilsvarande.												
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	<table border="1"> <thead> <tr> <th>Type</th> <th>t/veke</th> <th>veker</th> <th>totalt</th> <th> dagar</th> <th> obligatorisk</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Seminar</td> <td>1 x 2 t</td> <td>12</td> <td>24</td> <td></td> <td></td> </tr> </tbody> </table>	Type	t/veke	veker	totalt	dagar	obligatorisk	Seminar	1 x 2 t	12	24		
Type	t/veke	veker	totalt	dagar	obligatorisk								
Seminar	1 x 2 t	12	24										
Obligatoriske arbeidskrav	Sjå Alternativ 2 og 3 under Vurderingsformer.												
Vurderingsformer	<p>Det blir arrangert eksamen i ENG310 vår/haust med påfølgjande midtsemestereksamen. Alle arbeidskrav må vere oppfylte for å kunne gå opp til eksamen. Eksamensforma blir fastsett av den som underviser i emnet og blir kunngjord saman med emnet.</p> <p><i>Alternativ 1: Skoleeksamen</i> Eksamen er ein seks timars skoleeksamen.</p> <p><i>Alternativ 2: Mappedvurdering</i> Studentane leverer inn ei mappe som inneheld eit utval av dei skriftlege arbeida dei har jobba med i løpet av semesteret. Mappa kan setjast saman av ulike element, avhengig av læraren sitt undervisningsopplegg. Ved midtsemestereksamen må studentane ta skoleeksamen.</p>												

	<p><i>Alternativ 3: Rettleidd semesteroppgåve</i></p> <p>Eksamen i emnet er ei rettleidd semesteroppgåve på omlag 7500 ord, som skal leverast i tre eksemplar. Studentane pliktar å møte til rettleiing og elles halde dei fristane som er sette av faglærer. Studentar som ikkje følgjer desse retningslinene, misser retten til å ta eksamen i emnet.</p>
Karakterskala	Ved sensur nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum er sett saman av opptil 1000 sider sakprosa eller læreboktekst, eller litterære tekstar som svarar til 10 verk. Teoritekstar vil høyre med. Det vil òg vere mogleg å kombinere sakprosa og litterære tekstar i eitt pensum. I tillegg til pensum bør studentane gjere bruk av tilrådd hjelpelitteratur.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisningen blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	ENG350
Emnenamn	Masteroppgåve i engelsk
Engelsk emnenamn	English master's thesis
Studiepoeng	60
Undervisningssemester	
Undervisningsspråk	Engelsk
Studienivå	Master
Krav til studierett	Emnet er ope for studentar på masterprogrammet i engelsk ved UiB.
Mål og innhald	Masteroppgåva er eit vitskapleg arbeid i spesialdisiplinen til studenten, og kan med fordel ha tilknytning til eit av dei valte masteremna.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	<p>Ved fullført mastergrad skal kandidaten</p> <ul style="list-style-type: none"> – ha brei generell kunnskap innanfor faget og dybdekunnskapar innanfor eit avgrensa område – ha grunnleggjande kunnskap om dei sentrale problemstillingane og metodane i den valde disiplinen – kunna arbeida sjølvstendig og langsiktig med problemløysing på grunnlag av faglege kunnskapar – kunna setja seg inn i og vurdera kritisk teoriar, metodar og tolkingar innanfor fagområdet – kunna skaffa seg og nytta kunnskap på nye område innanfor faget – kunna gjennomføra eit avgrensa forskings- eller utviklingsprosjekt under rettleiing og i tråd med gjeldande forskningsetiske normer – kjenna normene for akademisk skrivning – kunna bruka IKT-verktøy som er naudsynte for å gjennomføra eit sjølvstendig arbeid innanfor fagområdet – sjølvstendig kunna halda fram med eiga kompetanseutvikling og spesialisering – kunna uttrykkja på engelsk faglege problemstillingar, analysar og konklusjonar innanfor eige fagområde – kjenna til relevante kommunikative sjangrar – kunna ta del i den offentlege debatten der denne rører ved fagområdet
Tilrådde forkunnskapar	Tilrådd startgrunnlag for masteroppgåva er kursdelen av mastergradsstudiet i engelsk.
Krav til forkunnskapar	Bachelorgrad med spesialisering i engelsk eller tilsvarande.
Undervisning og omfang	Masteroppgåva blir til vanleg skriven i løpet av det tredje og fjerde studiesemesteret. Prosjektskisser og utkast til delar av masteroppgåva blir lagde fram på work-in-progress-seminar der studentane mellom anna vil få rettleiing i formelle og metodiske aspekt ved oppgåveskrivinga. Ein ventar at studentane på ein aktiv måte tek del i den seminarrekkja som ligg nærast opp

	<p>til eige emneområde, både ved å presentere egne innlegg og ved å ta del i diskusjonar om det andre legg fram. Det er spesielt viktig at studentane tek del i dette seminaret dei to semestra dei arbeider med oppgåva.</p> <p>Studenten får rettleiing under arbeidet med masteroppgåva. Ein rettleiingskontrakt som gjer nærare greie for rettar og plikter, skal skrivast under av student, rettleiar og instituttstyrar. Studentane blir oppmoda til å finne eit tema for masteroppgåva så tidleg som mogleg i andre semester.</p>
Obligatoriske arbeidskrav	<p>Som ledd i arbeidet med masteroppgåva skal studentane halde og få godkjent tre innlegg ved eitt av instituttet sine work-in-progress-seminar for masterstudentar (lingvistikk eller litteratur og kultur): 1. ei prosjektskisse med ein kort bibliografi, 2. eit utkast til eit kapittel av masteroppgåva, 3. ein kommentar til kapittelutkastet til ein av dei andre studentane. Det første innlegget skal helst haldast i løpet av studenten sitt andre undervisningssemester. Innlegg nummer to og tre skal haldast i 3. eller 4. semester.</p>
Vurderingsformer	<p>Det blir arrangert eksamen i ENG350 kvart semester. Alle obligatoriske arbeidskrav må vere oppfylte slik at ein skal kunne møte til eksamen.</p> <p>Endeleg mastergradseksamen (d.v.s. innlevering av masteroppgåva og avsluttande munnleg prøve) kan gjennomførast i byrjinga og slutten av kvart semester. Innleveringsfrist for masteroppgåva er 1. februar og 15. mai i vårsemesteret, og 1. september og 20. november i haustsemesteret.</p> <p>Masteroppgåva skal skrivast på engelsk og vere på mellom 70 og 110 sider.</p> <p>Den munnlege prøva har tilknytning til masteroppgåva og kan justere karakteren for masteroppgåva opp eller ned med ein karakter.</p>
Karakterskala	Ved sensur nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Emnet blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

S11/37 Semesterrapport frå PUHF våren 2011 (vedlegg)

Utkast til semesterrapport frå PUHF våren 2011 ligg no føre. Rapporten oppsummerer viktige saker som blei behandla i PUHF i vårsemesteret. Det blir òg peika på aktuelle problemstillingar knytte til organisering, mandat og informasjonsflyt. Utkastet er foreløpig, og vil bli revidert på bakgrunn av kommentarar i møtet 15. desember 2011.

Semesterrapport frå Programutvalet for lærarutdanning ved HF – våren 2011

Møtedatoar og saksliste

Semesterrapport for hausten 2010

Representasjon

Midlertidig leiar

Ny representant

Vararepresentant

Viktige saker våren 2011

Fråfallsrapporten og moglege tiltak

Nedlegging av Lærarutdanningsutvalet og oppretting av
Studiestyre ved HF

Utfordringar knytt til praksis i den integrerte
lektorutdanninga

Programsamling

Overgang mellom interne lærarutdanningsprogram

Studie- og emneplanar

Erfaringsbasert master i undervisning med fordjuping i
engelsk og nordisk

Ny modell for integrert lektorutdanning

Forskingsdag i lærarutdanninga ved UiB

Situasjonen i dag – forbetringar og aktuelle problemstillingar

Organisering

Møte i Studiestyret våren 2011

Mandatet til PUHF

Informasjonsflyt og administrative støttefunksjonar

Bortfall av administrativ støttefunksjon

Ny lokalisering av administrativ koordinator

Generell driftstildeling

Høyring om vurderingsgrunnlag i ulike fag

Arbeidsmøte

Dagens situasjon - forbetringar og aktuelle problemstillingar

Organisering

Informasjonsflyt

Møtedatoar og sakslister

Møter våren 2011:

- 3. februar 2011
- 3. mars 2011
- 7. april 2011
- 5. mai 2011
- 9. juni 2011

Saksliste for møta:

3. februar 2011

- S11/1** Utkast til semesterrapport for hausten 2010 frå PUHF (vedtakssak)
- S11/2** Programsamling for integrert lektorutdanning våren 2011 (vedtakssak)
- S11/3** Fråfallsanalyse i adjunkt- og lektorutdanninga (vedtakssak)
- S11/4** Nytt medlem til Programutvalet for lærarutdanning ved HF våren 2011 (vedtakssak)
- S11/5** Forslag til nedlegging av Lærarutdanningsutvalet ved HF (vedtakssak)
- S11/6** Møtedatoar for PUHF våren 2011
- S11/7** Moglegheit for å ta eksamen i ENGD1201 (vedtakssak)

3. mars 2011

- S11/8** NODI201: Endring i emneplanen (vedtakssak)
- S11/9** Emneplanendring - NORMAU651, Profesjon, refleksjon og erfaringsdeling (vedtakssak)
- S11/10** Brev frå programstyret for adjunkt- og lektorutdanning gjeldande oppfølging av fråfallsrapporten (vedtakssak)
- S11/11** Bekymringsmelding knytt til praksis i integrert lektorutdanning (vedtakssak)

7. april 2011

- S11/12** Endringar i studieplanen for BAHF-RELV 2011 (2010/8578) som får innverknad på utdanningsplanen til MAHF-LÆFR og MAHF-LÆNO frå og med kull 10 (vedtakssak)
- S11/13** Emneplanendringar for RELDI111 og RELDI112 frå hausten 2011 (vedtakssak)

S11/14 Emneplanendring- ENGMAU 651-Fellesemne: Profesjon, refleksjon og erfaringsdeling (vedtakssak)

S11/15 Student som søker overgang frå integrert lektorutdanning ved MAT-NAT til integrert lektorutdanning med master i nordisk ved HF frå hausten 2011

V EVENTUELT: Moglegheit for å prøve seg i undervisning i skuleerfaringa, 5. semester på IL.

5. mai 2011

S11/16 Studieplanendring BAHF-SPLA 2011 med innverknad på utdanningsplanen til MAHF-LÆFR og MAHF-LÆNO frå kull 10 våren 2012 (vedtakssak)

S11/17 Oppfølging av tiltak som vart foreslått av PUHF i samband med rapport om fråfall på integrert adjunkt- og lektorutdanning (vedtakssak)

9. juni 2011

S11/18 Høyring om vurderingsgrunnlag i ulike fag. Innspel til UiB sentralt med frist 15. juni 2011 (drøftingssak)

S11/19 Semesterrapport for våren 2011 (drøftingssak)

V EVENTUELT:

- 1) Permisjon for fagdidaktikar i historie, førstelektor Sven-Erik Grieg-Smith, 1.8.11-1.8.12
- 2) Permisjon for fagdidaktikar i germanistikk, Åsta Haukås, hausten 2011
- 3) Ny lokalisering av administrativ koordinator for lærarutdanninga etter nyttilsetting.
- 4) Representasjon og omrokering i PUHF hausten 2011.

Semesterrapport for hausten 2010

Etter mandatet for Programutvalet skal ein kvart semester levere rapport til Lærarutdanningsutvalet ved HF (LUHF). Semesterrapporten for hausten 2010 vart utarbeidd av leiar for utvalet, Anne-Brit Fenner, og sekretær Elisabeth Aase Sæther. Hovudfokuset i semesterrapporten var saker som var handsama hausten 2010, vedtaka som var fatta og saker og tilhøve PUHF må følgje opp våren 2011. Rapporten frå PUHF for hausten 2010 vart handsama som vedtakssak på møtet i PUHF 3. februar 2011. Rapporten vart vedteken med dei justeringane som kom fram i møtet. Semesterrapporten for hausten 2010 har blitt oversendt til Det humanistiske fakultet. Etter nedlegginga av Lærarutdanningsutvalet ved HF vart semesterrapporten handsama av det nyoppretta Studiestyret ved HF. Studiestyret var nøgde med rapporten frå PUHF.

Representasjon

Midlertidig leiar

Leiar av PUHF hausten 2010, Anne-Brit Fenner, hadde forskingstermin våren 2011. Ordinært medlem av PUHF, Heming Gujord, gjekk på førespurnad av fakultetet inn som midlertidig leiar i denne perioden.

Ny representant

Då Heming Gujord gjekk inn som midlertidig leiar av PUHF, måtte ein samstundes oppnemne eit nytt ordinært medlem frå Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE). Etter framlegg frå PUHF vart førsteamanuensis i nordisk språkvitskap, Ole-Jørgen Johannessen, oppnemnd som representant for LLE for våren 2011. Når denne perioden er over, går Johannessen ut av utvalet og Gujord tilbake som ordinær medlem av utvalet.

Vararepresentant

Ordinær representant for Institutt for framandspråk (IF), førsteamanuensis Åsta Haukås, hadde permisjon våren 2011. Amanuensis i tysk litteraturvitskap, Tor Jan Ropeid, gjekk inn som vararepresentant for IF i denne perioden.

Viktige saker våren 2011

Fråfallsrapporten og moglege tiltak

Kristian Mjåland ved Uni Rokkansenteret presenterte hausten 2010 ei undersøking av fråfallet ved den integrerte adjunkt- og lektorutdanninga ved UiB. PUHF har drøfta utfordringane knytt til fråfall ved fleire høve. Fråfallsundersøkinga vart òg drøfta på UiBs lærarutdanningskonferanse på Voss, 14.-15.2.11, der representantar for PUHF var til stades. Programstyret for adjunkt- og lektorutdanning bad i brev dagsett 2.2.11 om skriftleg tilbakemelding på sju framlegg til tiltak for å hindre uheldig fråfall. PUHF handsama dette i S11/10. I sitt svar vektlegg PUHF at her (1) kan vere tenleg med ei mentorordning for nye studentar. Det er (2) særskild viktig å ha gode administrative støttefunksjonar. Skal ein komme fråfallet til livs, må ein (3) unngå at dei integrerte lærarutdanningsløpa blir omtalt i negative ordelag av vitenskapleg tilsette. Det går fram av rapporten at dette har skjedd, noko som er særskild kritikkverdig og som har negative verknader i høve til haldningane hos studentane på programmet. Det er (4) misvisande å sjå den integrerte lektorutdanninga som ei redusert utdanning i høve til ein mastergradsmodell med praktisk-pedagogisk påbygging. Ein må sjå den integrerte lektorutdanninga som eit profesjonsstudium på eigne premissar, som ein tilpassa modell for strukturell og reell integrasjon av studiefag, fagdidaktikk, pedagogikk og praksis i løper av 5 års studium (300sp). Rapporten viser (5) at studentane tendensielt er meir nøgde med kursa i sine høvesvise fagstudiar enn med fagdidaktikk og pedagogikk. Når ein skal utvikle modellen vidare, bør ein òg sjå etter møteplassar mellom disiplinfag og fagdidaktikk/pedagogikk. Ved Universitetet i Bergen, der fagdidaktikarane har ei desentralisert lokalisering på faginstitutta, er det gode høve til å utvikle samarbeidet mellom primært disiplinfag og fagdidaktikk. Lærarutdanning er (6) ei kompleks utdanningsform. Her må ein særleg vektleggje at praksiskoordinator får gode arbeidstilhøve, og det er tilrådeleg med kontinuitet i denne viktige posisjonen. Når studentane (7) oppfattar delemne i ei profesjonsutdanning som mindre relevant, må dei involverte i lærarutdanninga ta dette til etterretning. I slike tilfelle kan det vere tilrådeleg med tiltak som tilpassingar i pensum eller alternative undervisningsformer.

PUHF sendte sine framlegg til HF og fekk positive tilbakemeldingar og full støtte for iverksetting av desse tiltaka, jf. møte i PUHF, 7.4.11, O-sak 4.

I S11/17 fatta PUHF vedtak om korleis ein skulle følgje opp framlegga. Fråfallsundersøkinga har vist at fråfallet er størst i overgangen mellom 2. og 3. semester. Eit høveleg strakstiltak kunne derfor vere å nå dei aktuelle studentane med fagleg og motiverande rettleiing, då studentane i 2. semester elles ikkje følgjer profesjonsretta kurs i fagdidaktikk eller pedagogikk. Heile staben av fagdidaktikarar og PUHF-representantar frå faginstitutta vart engasjerte i dette rettleiingsarbeidet. Jf. møte i PUHF 9.6.11 O-sak 8 viste rettleiarane stor vilje til å gjennomføre dette prosjektet, som bør evaluerast og utviklast vidare.

Nedlegging av Lærarutdanningsutvalet og oppretting av Studiestyre ved HF

Fakultetet vedtok hausten 2010 å leggje ned Lærarutdanningsutvalet ved HF (LUHF). Dette var ei styrt avvikling, då utvalet den siste tida hadde få møte. Våren 2011 vart det oppretta eit Studiestyre under leiing av visedekananen for utdanning. PUHF synte forståing for avviklinga av LUHF i ein situasjon der utvalet hadde få møte (S11/5). Studiestyret er sett saman av undervisningskoordinatorane frå dei ulike institutta på fakultetet. Då lærarutdanninga er instituttovergripande kan eit styre med denne samansetjinga verke med til å betre kommunikasjonen og fremme reell integrasjon av fagdidaktikk og studiefag. PUHF tok til etterretning at Studiestyret blir det nye rapporteringsorganet for programsensorane.

Utfordringar knytt til praksis i den integrerte lektorutdanninga

Studentar i den integrerte lektorutdanninga har synt otte i høve til parallellkjøringa av fagkurs og praksis i 7. og 8. semester (S11/11). Dette er ei strukturell utfordring på IL som ein har freista å komme i møte med *fleksibel praksis* for IL-studentar, det vil då seie at deira praksis går over fleire veker enn kva som er tilfellet for PPU-studentane. Slik kan då IL-studentane ideelt sett styre unna kollisjonar mellom undervisning på skulen og faglege kurs på universitetet. Når dette ikkje fungerer etter intensjonen, kan det ifølgje studentane i verste fall gå ut over studieprogresjonen. For å bøte på dette fatta PUHF vedtak om at det bør lagast administrative rutinar som syter for god kommunikasjon mellom dei ulike universitetsinstitutta og praksiskonsulenten, og mellom praksiskonsulenten og skulane. Studentane på IL bør òg fortrinnsvis ha praksis på sentrumsnære skular slik at utfordringane med å kombinere fagkurs og praksis ikkje blir for store.

Programsamling

Det vart tilskipa programsamling for IL-studentene på HF 17. mars 2011. Etter forslag frå studentane valde ein emnet "Korleis sjå den flinke eleven". Aslaug Louise Kongshavn (masterstudent på IL, nordisk) og Endre Brunstad (fagdidaktikar nordisk) heldt begge innlegg om emnet. Økonomisk stønad frå Institutt for framandspråk gjorde det òg mogleg med enkel bevertning for deltakarane. Det deltok til saman ca 20 studentar på programsamlinga. Tilskipingar av dette slaget er særskilt viktige med tanke på å utvikle profesjonsidentiteten til studentane. Dei har òg sosial verdi som kan førebyggje fråfall.

